


Til Næringsminister, Jan Christian Vestre

Innspel på operative grep for å få meir effekt frå statlige virkemidlar, slik at fleire gründerar og oppstartsbedrifter kan skapa arbeidsplassar og auka eksport frå Norge.

Utover alle nyttige og viktige enkelttiltak som hjelper oppstartsbedrifter kan **systemisk innovasjon** som metode bidra til tværfagleg samarbeid for å løse store samfunnsoppdrag. Dette innspel handlar om det systemiske med **innovasjon over heile verdikjeder**. Det bidreg til at kunnskapsindustrien med oppstartsselskap, små og mellomstore bedrifter kan samarbeide med leiande industri. SMB kjem raskare i posisjon til kunde. Prosjekt saman med forsking og det offentlige kan gje meir effektiv innovasjon og raskare skalering og eksport av produkt, teknologi, tenester og kunnskap.

Innspellet er skrive etter den gode innspelsrunden i Bergen 14 mars, der du slo eit slag for at enkelte satsingar bør få meir og betre koordinerte virkemidlar (sitat: «ekstra bensin på bålet»). Innspellet er ei konkretisering av vårt notat sendt til NFD 7. mars.

Figuren under er eit forsøk på å illustrere metodisk og operativ tilrettelegging for at dette kan skje. **Eksempel på tilnærming** bygger på våre erfaringar dei siste år (katapult og klynger med 330 bedrifter).



Generisk tilnærming; på bakgrunn av ei nasjonal satsing blir det definert felles målbilde. Verdikjelder som blir definert og som får identifisert sine utfordringar (vekart), dannar grunnlag for mobilisering til konsortier. Innovasjon over verdikjeder vil kreve ei mobilisering med rolle for orkestrering. Den bør utførast av nøytral part som eit samla konsortie har tillit til. Deretter kan grunnlag for prosjekt og søknader formast og levere innovasjon på den nasjonale satsinga.

Eksempel tilnærming; Spin-off selskap frå leiande industri, oppstartsbedrifter og gründerar har over tid prøvd å bidra til å starte nye verdikjelder innanfor havbruk med dyrking av tare, tunikatar og blåskjell. Dette passar saman med samfunnsoppdrag for berekraftig før med viktige næringsmidlar til før til laks og husdyr. Det har vore avgjerande å beskrive verdikjede samt identifisere og prioritere konkrete behov for innovasjon i heile verdikjeden. Industri er intervjua og har prioritert, og det vert no satsa særleg på tørketeknologi.

Samarbeid mellom dyrkarar og leverandørar av utstyr, tenester og prosessar er avdekkja, og nye prosjekt er i emning.

Forankring; for å sikre effekt og mandat krev dette brei forankring, politisk, i forvaltning, industri og forsking. Dette utløyer kva for nye verdikjelder som skal satsast på for å leve på bestillinga frå storsamfunnet. Med eit felles målbilde vil prioriteringar og merksemeld for regulatorisk innovasjon følge tett på prosjekt. Mobilisering og posisjonering til nye prosjekt er komplisert og tidkrevjande. Det er nødvendig med mandat og finansiering over tid for å sikre nødvendig orkestrering (mobilisering, konsortiebygging og definering av prosjekt) over verdikjeder.

Veldig kjekt om dette kjem med, og meld frå om de treng meir detaljar. Lukke til og beste helsingar på vegne av aktørane dag.finne@oceaninnovation.no